



**Fins det mange kallenamn brukt på personar i bygda vår, og var det meir vanleg med kallenamn på personar før i tida?**



**Eit lokalhistorisk forskingsprosjekt frå 16 elevar på 5., 6. og 7. klassesetrinn ved Bruvik skule i Osterøy kommune.**

Skuleåret 2010/2011



# Innhald

Føreord .....	3
1. Dette lurar vi på .....	4
2. Kvifor er det slik? .....	5
3. Plan for undersøkinga .....	6
4. Ut for å hente opplysningar .....	7
5. Dette har vi funne ut.....	17
6. Fortel til andre .....	18
7. Etterord av rettleiar i prosjektet.....	21
Litteratur .....	21
Vedlegg .....	22



# Føreord

Forskningsdagene i Bergen

Vi på 5. 6. og 7. klassetrinn ved Bruvik skule var svært glade då vi byrja dette skuleåret, fordi vi fekk vite at vi var tildelt eit forskingsstema etter søknad i samband med Forskningsdagane i Bergen hausten 2010. Vi var tildelt temaet "kallenamn" som var føreslått av namneforskar Ivar Utne ved Universitetet i Bergen, men vi stod ganske fritt til å utforme prosjektet vårt sjølve. Det har vi gjort 100 %, og problemstillinga og forskinga vår har vi utforma heilt sjølve ut i frå stikkordet "kallenamn på personar". Difor har vi valt å delta i Årets Nysgjerrigperkonkurranse 2011 der vi har forstått det slik at det ikkje gjer om nokon andre har tenkt på emnet vi har lurt på, så lenge prosjektet viser at vi har lett etter svar på spørsmåla sjølve. Det har vi gjort i høgste grad. Vi har brukt Nysgjerrigpermetoden i forskingsprosessen vår. Før vi legg fram rapporten vil vi få presisera at denne forskinga har vore kjempeinteressant og spennande, og vi håpar med denne rapporten å kunne vere med på å inspirere andre bygder i Noreg til å samle inn kallenamn slik som vi har gjort. Ja, vi har nesten følt oss som Asbjørnsen og Moe der vi har gått rundt på dørene for å samla inn kallenamn på personar i bygda vår...

**Med helsing frå 16 kallenamneksperter ved Bruvik skule på Osterøy.**



Illustrasjonen over er laga av Fabian (12) og Nils-Ole (12) i klassen vår

**årets nysgjerrigper**



# 1. Dette lurer vi på

Vi er 20 nysgjerrige forskarar i klassen som fekk i oppgåve av kontaktlæraren vår å setje spørsmålsteikn ved alt som har med kallenamn å gjere. Vi hadde ein "brainstorming" i klassen vår det dukka opp følgjande spørsmål som vi skreiv opp på tavla:

- Fins det kallenamn på personar i bygda vår?
- Fins det kallenamn på personar i klassen vår?
- Var det meir vanleg med kallenamn før i tida enn det er i dag?
- Kva er egentleg eit kallenamn?
- Korleis skal klare å få tak i kallenamn på personar i bygda vår?

\*\*\*\*\*

Vi snakka mykje om det å ha eit kallenamn, og neste dag kom vi fram til følgjande hovudproblemstilling som skulle bli utgangspunktet for forskinga vår:

**Fins det mange kallenamn brukt på personar i bygda vår, og var det meir vanleg med kallenamn på personar før i tida?**

Då vi hadde kome fram til problemstillinga, følte vi at vi måtte klargjere kva vi meiner med omgrepet kallenamn. Vi fann denne definisjonen på Wikipedia:

*Kallenamn er som oftast ei forkorting av ein person sitt verkelege namn, men det kan også vere basert på personen sin utsjånad, bustad eller anna som gjenkjenner denne personen.*

(kjelde: <http://no.wikipedia.org/wiki/Kallenavn>)

Forslingsprosessen vår var i gong, og fleire av oss kunne allereie fortelje om personar i bygda som har eit kallenamn. På bileta ser du oss i startfasen av prosjektet i august der vi arbeider med å skildre oss sjølve og vårt eige namn.



## 2. Kvifor er det slik?



### HYPOTESER

**A: Fins det mange kallenamn brukt på personar i bygda vår, og kan vi finne opphavet til desse kallenamna?**

Fins det mange kallenamn brukt på personar i bygda vår? Viss ja, klarar vi å finne opphavet til desse kallenamna? Alle elevane i klassen meiner at det fins mange kallenamn brukt på personar i bygda vår, men vi er meir usikre om vi klarar å finne ut opphavet til kvart enkelt kallenamn.

#### Hypotese 1:

DET FINS MANGE KALLENAMN BRUKT PÅ PERSONAR I BYGDA VÅR, MEN DET KAN VERE VANSKELEG Å FINNE UT KVA OPPHAVET ER TIL DEI EINSKILDE KALLENAMNA.

**B: ER DET MEIR VANLEG MED KALLENAMN PÅ PERSONAR FØR I TIDA ENN DET ER I DAG? ER DET FLEST KALLENAMN PÅ ELDRE MENNESKE (50+) ENN PÅ UNGE MENNESKE I BYGDA VÅR.** Om det stemmer at det fins mange kallenamn brukt på personar i bygda vår, var det då meir vanleg med kallenamn før i tida enn det er i dag? Alle elevane i klassen meiner at dei kjenner til fleire eldre menneske i bygda som har hatt eit kallenamn i mange år enn det fins unge med kallenamn.

#### Hypotese 2:

DET VAR MEIR VANLEG MED KALLENAMN PÅ PERSONAR FØR I TIDA ENN DET ER I DAG.



Det er kjekt  
å vere  
forskarar!



# 3. Plan for undersøkinga

## Kven veit noko om det vi lurar på?

Vi fann ut at vi ville forske i bygda vår der vi ville samle inn kallenamn på bygdefolk som lever i dag og kallenamn på bygdefolk som er døde. Vi bestemte oss for å oppsøkje besteforeldre, naboar og andre personar i bygda vår som vi trur kan gje oss mange kallenamn på personar i bygda vår. I tillegg ville vi ha eit innlegg i lokalavisa vår *Bygdanytt* der vi oppmoda bygdefolk om å ta kontakt med oss viss dei har kallenamn som vi kan samle inn.

I og med at dette var eit forskingsprosjekt som skulle framførast under *Forskingsdagane i Bergen* for andre skuleklassar kunne vi samarbeide med namneforskar Ivar Utne ved Universitetet i Bergen. Vi valte å ta kontakt med han undervegs i prosjektet, slik at han kunne gje oss idear vidare i forskingsprosessen vår.

I tillegg bestemte vi oss for å leite etter bøker på folkebiblioteket vårt om kallenamn, og vi ville undersøkje litt på Internett om fenomenet kallenamn.



*Her er vi i full gong med kallenamnsprosjektet vårt*

**årets nysgjerrigper**



# 4. Ut for å hente opplysningar

## 4.1 Bakgrunnen vår: Kven er vi?

Reint forskingsmessig fann vi ut at det ville vere viktig å vite litt meir om lokalsamfunnet vårt sidan vi skulle forske her .

### 4.1.1 Bruvik – ei lita bygd lengst aust på Osterøy i Hordaland

Vi er nær 400 innbyggjarar som lever godt og fredeleg på Bruvik. Bruvik snor seg langs med fjorden, men har også eit sentrum ved kaien, butikken, den tradisjonsrike kyrkja og vognfabrikken. Oppe på Bruvikdalen har vi vårt utkantstrøk med flott turterreng, jordbruksland og hyttegrend.

### 4.1.2 Nærbutikken vår på Bruvik

På Bruvik har vi ein nærbutikk som ein kan seie er møteplassen i bygda vår. Her treff du på mange kjekke bygdefolk i alle aldrar, og her kan ein handle det meste av daglegvarene ein treng. På biletet ser du fem av oss ståande utanfor butikken vår.

### 4.1.3 Skulen vår

Skulen vår er omkransa av fjord og fjell! Det er i år 29 elevar på Bruvik skule , og vi er 16 elevar på mellomtrinnet som går i same klasse. Vi har det kjekt på skulen vår. Om sommaren er Bruvik ei ferieperle – sjå berre på biletet til høgre.



## 4.2 Innsamling og kategorisering av kallenamn i bygda vår

Vi valte å intervjuere eldre folk i bygda om kallenamn. Vi besøkte naboar, besteforeldre og andre bygdefolk som kunne fortelje oss om kallenamn i bygda. I tillegg hadde mange lese om prosjektet vårt i lokalavisa, og dei hadde på førehand skrive opp lister til oss med kallenamna og forklaringar på opphavet. Vi fekk inn **123 kallenamn** med opphavsforklaringar til alle dei 123 kallenamna.

Etter at vi hadde samla inn kallenamna valte vi å kategorisere kallenamna i ulike opphavsgrupper. Vi las opp for kvarandre kvart enkelt kallenamn som kom inn, og markerte kvart kallenamn med eit nummer. Vi såg difor at opphavet til kallenamna var noko ulike, og vi bestemte oss difor for å kategorisere kvart enkelt namn med fargar etter ulike opphavsgrupper som vi laga basert på kallenamna som vi hadde samla inn.

Vi valte å kategorisere kallenamna i 7 ulike grupper (bilete: elev jobbar med kategorisering)

**1. Kallenamn basert på eigenskap, noko ein gjorde**

**2. Kallenamn basert på yrke ein person hadde**

**3. Kallenamn basert på utsjånaden til ein person**

**4. Kallenamn basert på kor ein budde, kom i frå**

**5. Kallenamn basert på namn i den kristne Bibelen**

**6. Kallenamn basert på slekt/forkorting av namn**

**7. Kallenamn med andre forklaringar**



Under arbeidet med prosjektet vårt har vi blitt møtt med mange smil frå folk i bygda som vi har intervjuet.

På dei neste sidene har vi valt å gjengje alle dei 123 kallenamna som vi har funne og kategorisert.

### 4.3 Presentasjon av dei 123 kallenamna som vi klarte å samle inn

Rose (11) og Caroline (11) har teikna illustrasjonar til nokre av kallenamna.

#### 4.3.1 Kallenamn basert på eigenskap

**Ballakløyvaren** ..... Fordi alle ballane frå skulen kom inn i hagen hans der han kløyvde dei i lag med veden.

**Duppen**..... Fordi han "duppa av" så mykje i timane på skulen.

**Fliro**.....Fordi han alltid flirte og lo.

**Fuglekongen**..... Fordi han var så flink til å plystra.

**Hankatten**..... Fordi han var galen etter jenter.

**Harepusen**..... Fordi han hoppa så mykje.

**Klonken**..... Fordi han var veldig glad i alkohol.

**Natt-toget og sidevogna** (2 damer)... Fordi dei alltid var ute og gjekk svært seint om kvelden/natta. "Sidevogna" fulgte "Natt-toget" heim.

**Nøttemannen**..... Fordi han gav folk nøtter.

**Per i skjorahagen**.....Fordi han jakta på skjor og trast.

**Plystrekalle**..... Fordi han alltid gjekk og plystra (var omreisande seljar)

**Snus-Alf**..... Fordi han brukte så mykje snus.

**Suen**..... Fordi han alltid sa "su" etter ein setning.

**Sulen**..... Fordi han ofte sa: "Sule meg".

**Sykle-Jenny**..... Fordi ho sykla så mykje.

**Tempofantomet**..... Fordi han kjører så fort på motorsykkelen sin.

**Terje tyggis**..... Fordi han tygga alltid tyggis.

**Tordenskrallet** Fordi ho lo så høgt og kjefta så fælt.

**Uglå**..... Fordi ho var ei gammal dame som fekk med seg alt som skjedde i bygda.

**Voktaren**..... Fordi han vokta bilen sin.



### 4.3.2 Kallenamn basert på yrke

**Bakar`n**.....Fordi han var baker på Bruvik.

**Bonusen**..... Fordi han var tidlegare eigar av Bonus- elektrobutikkane.

**Båtbyggjaren**... Fordi han bygde båtar.

**Gullgravarn**... Etter at han vart konfirmert reiste han til Amerika og fann gull. Då han kom heim att, kalla dei han berre for gullgravarn .

**Malaren**..... Fordi han var malar.

**Ole-butikk**..... Fordi han heitte Ole og dreiv butikken på Bruvik i mange år.

**Ole Handelslag**... Fordi han var bestyrar på Handelslaget.

**Skomakar`n**..... Fordi han var skomakar på Bruvik.

**Smea-Tomas**..... Fordi han var smed.

**Tommastokkjen**.. Fordi han var snekkar og heitte Thomas Stokke.

**Vakthunden**..... Fordi ho (lærarinne) gjekk alltid å passa på.



Stundom vart altså yrket til ein person på Bruvik nytta til namn. Vi har funne ut at til dømes vart målaren Johannes J. Vik kalla for Buskar-Johannes i nærmiljøet på Vik. Inne på sjølve Bruvik kalla dei han for malaren. På Dale og Vaksdal, der han arbeidde mykje, vart han kalla for Malar-Vik.



Vi har også laga kallenamnbrusetikettar med kallenamn frå Bruvik.

**årets nysgjerrigper**



### 4.3.3 Kallenamn basert på utsjånad

**Bamsen**..... Fordi han var så stor.

**Dollaprinse**ssa.. Fordi ho pleide å sminka seg (alle var misunnelige på henne fordi ho var så fin).

**Elvisen**... Fordi han hadde svart hår og Elvis-sveis.

**Flisa**..... Fordi hadde så korte bein at når ho gjekk i trappa så fekk ho flis i rumpa.

**Gamle-Jacob**....Fordi han var så gammal.

**Kvitnesen** Fordi han var kvit i håret.

**Kølla**..... Fordi han hadde ein bart som likna på ei kølle.

**Lille-Knut**..... Fordi han var så liten.

**Lille-mor**..... Fordi ho var liten av vekst, og fordi ho tok seg av ungar når ho var ung sjølv.


**Litle-Kari**..... Fordi ho likna på systera si Kari.

**Safiren**..... Fordi han hadde så fine auge.

**Stor-Johannesmargit**.. Fordi faren hennar var stor og heitte Johannes.

**Storeviken**..... Fordi han var så stor og budde på Vik.

**Tulla**.....Fordi ho var den minste (heitte egentleg Gertrud)



## DOLLAPRINSESSA



#### 4.3.4 Kallenamn basert på kor ein budde/kom i frå

**Alfen på Sand**..... Fordi han budde på Sand.

**Alfred på Sand**..... Fordi han budde på Sand på Ytre-Bruvik.

**Benoni**..... Fordi ho kom frå Nord-Norge og vart difor kalla opp etter tv-serien "Benoni og rosa" frå 1973.

**Berta på stien**..... Ho heitte Berta og budde på stien.

**Han Mons med garden**.. Fordi han budde ved ein steingard.

**Heim Einar**... Fordi garden han var i frå kalla dei for: "Dar heima".

**Heima Einar**..... Fordi han budde i eit hus som vart kalla heima.

**Helga i Tødna**..... Ho var ei ugift kvinne som budde i eit hus på ein stad som i daglegtale vart kalla Tødna (Tødna, av ei to = ein grasfleck i bratt terreng).

**Hilde på kaien**..... Fordi ho budde på kaien.

**Ingeborg i skaret**..... Fordi ho heitte Ingeborg og budde i Skaret.

**Ingolf i Tumyræ**..... Fordi han budde på ein plass som heiter Tumyræ.

**Jensajohan i Revuræ**... Fordi han budde i Revuræ og heitte Jens.

**Kjell i grove**... Fordi han budde i ei grov.

**Klyvikjen**..... Fordi han budde i Klyvikje.

**Klyviks-Per**..... Fordi han budde i Klyvikje og heitte Per.

**Kløve**..... Fordi han budde på Kløve.

**Kråkhaugen**.. Fordi han Johannes budde på Kråkhaugen, så alle kalla han berre kråkhaugen.

**Kråkhaugjohannes**.. Fordi han budde på Kråkhau.

**Magnus i Seilæ**.. Magnus Seilen budde i Seilen.

**Magnus i Vikane**... Fordi han budde i Vikane.

**Maria på skaret**... Fordi ho heiter Maria og budde på skaret.

**Mæle-Johannes**... Fordi han kom frå Mæle.

**Mæle-Lina**.... Fordi ho var kona til Mæle-Johannes.

**Mæle-Sjok**... Fordi han heitte Sjok og faren var frå Mæle.

**Nipen**.. Han budde så nært fjelltoppen Bruviknipa.

**Ole i Neset.....** Fordi han budde på Stokkaneset.

**Ole på Kløvbakkjen...** Fordi han budde på Kløvbakken.

**Ol`n på Kløve....** Fordi han heiter Ole og bur på Kløve.

**Oppen...** Fordi han budde på garden som heitte Oppane.

**Reinsdyret...** Fordi han kom frå Nord-Noreg.

**Ronny Bruvik.....** Fordi han heiter Ronny og bur på Bruvik.

**Rudolf.....** Fordi han kom frå Nord-Noreg.

**Runhovden....** Fordi han budde før på Rundhovden.

**Sigurd i svingen....** Fordi han budde i Olsnessvingen.

**Svein på hauen.....** Fordi han budde på ein haug.

**Tor`n i Vikane...** Fordi han heiter Tor og bur i Vikane.



I tillegg har vi funne ut at fire bruk på Indre Skaftå som låg etter kvarandre i terrenget var: Oppen, Neren, Heimen og Dalsen. Dette var i første halvdel av 1900. Slik var det for det meste i generasjonen før og. Kona til Oppen var Opp-Ingjebær. Sonen til Heimen var Heim-Einar. Søstrene til Dalsen var Dals-Brita og Dals-Gitta. Sonesonen til Oppen vart kalla Oppe-Johannes.

På grensa mellom Skaftå og Vik låg eit lite bruk som vart kalla Solhaug. Jens var han som bygsla plassen i 1860 åra. Plassen og folket der fekk namnet etter han: Jensane, Jensa-Johannes, Jensa-Hilde, Jensa-Astrid-Jensa-Rolf, Jensa-Hanna er nokre døme.

Buskaret er inste bruket på Vik. Johannes J. Vik vart alltid kalla for "Buskaren". Kona var Buskar-Berta. Borna hans: "Buskar-Jakob, Buskar-Johannes og Buskar-Kirsten".

#### 4.3.5 Kallenamn basert på namn i Bibelen/kristendommen

**Reserve-Jesus...**Fordi han hadde bursdag på julaftan.

**Sekka-Jesus.....**Fordi han gjekk med stor sekk og var religiøs.



### 4.3.6 Kallenamn basert på slekt/forkorting av namn

**Elling-Johannes..** Fordi faren hans heitte Johannes.

**Gamle-Foksten..** Den eldste av Faugstadkarane.

**Gamle Foxt`n...** Fordi han heitte Faugstad og han kom frå Faugstad då han var 23 år til Bruvik. Han gifta seg og tok etternamnet Faugstad. Ungane hans fekk ikkje heita Bruvik, så dei måtte heita Faugstad.

**Heim Einar..** Fordi garden han var i frå kalla dei for: "Dar heima".

**Johomen...** Fordi han heitte Johan Magne.

**Jonilsen i Framegaren...** Fordi faren heitte Jo og sonen heitte Nils.

**Litle Kari...** Fordi ho ligna på systema si Kari.

**Litle Magne...** Fordi han var den minste av mange som heitte Magne.

**Litlemagnussen..** Fordi faren heiter Magnus. Oppkalla etter faren. Faren var stor og han var liten.

**Litle Martin..** Fordi hans bestefar og heitte Martin.

**Mala...**Fordi ho heitte Maria.

**Mæle-Sjok...** Fordi han heitte Sjok og faren var frå Mæle.

**Olsajohan...** Fordi han heitte Johan Olsen medan andre kalla han for Olsa Johan.

**Oppen....** Fordi han budde på garden som heitte Oppane.

**Pillemannen...** Fordi han heitte Per Gunnar.

**Rasmus-Madli...** Fordi faren heitte Rasmus.

**Sjurabrita...** Fordi faren hennar heitte Sjur.

**Tomas-Olafen..** Fordi han sjølv heitte Olaf medan broren hans heitte Thomas.

#### Familiar med same fornamn

I familiar med fleire med same namn, vart ofte den yngste kalla "litle", t.d. litle-Magnus, litle-Johannes. Den eldste, t.d. bestefaren, vart kalla gamle- t.d. gamle-Jakob, den yngste, litle-Jakob. I grenda på Vik var det to Knut`ar. Den eine stor og rørsleg, den andre mykje mindre. Det vart Store-Knut og Litle-Knut.

### 4.3.7 Kallenamn med andre forklaringar

**Addisen**...Ein mann som budde på Skaftå, fekk eit tilnamn av ein spesiell grunn. Han heitte Anders, men vart stundom kalla "Addisen". Han kunne i somme tilfelle verta sterkt oppteken av hendingar i tida. Då Italia erobra Etiopia i 1930 åra, snakka han mykje om dette og Addis Abeba (hovudstaden i Etiopia). Dette gav han namnet Addisen.

**Beisen**..... ..Fordi han hadde ein sjukdom som heiter Basedow.


**Labba i huset**.... Fordi ho alltid gjekk med store strikkelabbar.

**Professoren**..... Fordi han ville bli professor.

**Saaben**..... Fordi han køyrde Saab.

**Yankeen**..... .Fordi han hadde amerikansk bil.

**Kallenamna som vi har samla inn fordelar seg slik i opphavsgruppene våre:**



#### **Kommentar:**

Vi laga sektordiagram, og fann ut at 40 % av kallenamna på Bruvik som vi samla inn er basert på kor ein person budde eller kom ifrå. Dette utgjør nesten halvparten av alle kallenamna. Dernest kjem kallenamn som er basert på slektsnamn/forkorting av namn med 18 % tett følgt av kallenamn basert på ein persons eigenskap med 17 %.

#### 4.4 Forsking på oss sjølve og vår kallenamnebruk

Vi fann ut at vi også ville forske litt på oss sjølve. Vi tenkte at det vil bli morosamt å forske på oss sjølve, fordi det ville gje oss høve til å få eit førstepersonperspektiv på forskinga vår. Vi kom fram til at vi av og til kunne kalla Sebastian i klassen for Seb og Kristoffer i klassen for Kris, og det vil altså seie at vi forkortar namnet deira. Nokre av oss hadde kallenamn den gong vi var liten, men det vert ikkje lengre brukt. Vi fann ut at vi av og til kunne kalla ein venn for noko knytt til dømes ein episode som kunne skje, men kallenamnet vart ikkje brukt så lenge på personen.

#### 4.5 Kallenamn på kjendisar

Vi har merka oss at enkelte kjendisar i media har kallenamn. Vi har leita fram desse kallenamna på Internett som Drillo, Doffen, Jern-Erna, Myggen, Sunny (Ole Gunnar Solskjær), Idol-Tone etc.

#### 4.6 Besøk av namneforskar Ivar Utne på skulen

Vi inviterte namneforskar Ivar Utne (bilete) frå Universitetet i Bergen til skulen vår der vi laga ein Powerpointframsyning med alle kallenamna våre. Han kom saman med to studentar som ville sjå presentasjonen vår. Han fortalte oss etter framsyninga at kallenamn er følsamt, og at vi har fått så mange svar skuldast at det er eit tillitsforhald mellom oss som spør og dei som har svara då vi har gjennomført denne undersøkinga i nærmiljøet vårt. Utne konkluderer med at kallenamna har blitt meir nøytrale og mindre basert på utsjånad enn før. Utne fortalte oss også at kallenamn er annleis på bygda enn i byane. Han konstanterte at kallenamna viser korleis folk har budd og levd, og at kallenamna i bondesamfunn er meir retta mot stadnamn. Han viser mellom anna til kallenamnet Johannes-Elling, Jensa-Kari etc. som vi har samla inn. Personar vert delvis knytt til slektningane sine, ofte foreldre eller ektefellar, eller til garden dei budde på, seier Utne.

Når vi spør Utne om korleis kallenamna får sitt opphav i dag, fortel han at dei byggjer ofte på fornamn. Det er noko folk ofte finn på sjølv, dei vel sjølv å kalla seg det. Kallenamna før var ikkje slik, for då ville folk helst ikkje bli kalla for kallenamn sine, seier Utne. I dag vert gjerne ikkje oppfatta som danna og god folkeskikk å gå rundt og skildra folk. "Vi har blitt meir fisefine", seier Utne.



# 5. Dette har vi funne ut

Då vi starta dette prosjektet var vi sikre på at det fanst nokre kallenamn på personar i bygda vår, men at vi skulle klare å samle inn 123 kallenamn på Bruvik hadde vi aldri trudd. Vi var og usikre på om vi ville klare å finne ut kva opphavet til kvart kallenamn, men det dukka opp gode historier om korleis slike namn vart meir brukte her på Bruvik.

## **Hypotese 1:**

DET FINS MANGE KALLENAMN BRUKT PÅ PERSONAR I BYGDA VÅR, MEN DET KAN VERE VANSKELEG Å FINNE UT KVA OPPHAVET ER TIL DEI EINSKILDE KALLENAMNA.

## **Hypotese 2:**

DET VAR MEIR VANLEG MED KALLENAMN PÅ PERSONAR FØR I TIDA ENN DET ER I DAG.

## **Konklusjon:**

Vi har funne flest kallenamn på personar som har fått dette etter kor dei budde i bygda, til dømes Kråkhau-Johannes og Nipen. Det var mange personar som hadde eit kallenamn på Bruvik før i tida der vi har funne ut våre 123 kallenamn er brukt på "eldre" personar som lever i dag og på personar som er døde i dag. Det vil seie at dei kallenamna som vi har funne er brukt over lengre tid hovudsakleg på personar frå rundt midten av førre århundre og fram til i dag.

Vi har vidare funne ut ut at det i dag ikkje er så vanleg med kallenamn som varar over lengre tid – fleire år. Det var mykje meir brukt før. Vi brukar i dag gjerne kallenamn på kvarandre som er meir "tilfeldige", og som ikkje varar over eit så altfor langt tidsrom. I dag vert til dømes Kristoffer i klassen kalla for Kris og Sebastian vert kalla for Seb. Vi har og merka oss kallenamn på fotballkjendisar som Doffen, Drillo, Myggen, Idol-Tone osv. Mykje tydar på at ein var slemmare med kallenamn før i tida, medan kallenamna i dag er meir nøytrale. Vi har og funne ut at det fins både "snille" og "mindre snille" kallenamn som vi må ta omsyn til når vi driv med kallenamnforskning, og det var flest menn som fekk kallenamn i Bruvik i tidlegare tider. Dette er fyrste gong nokon har samla inn og systematisert ein god del kallenamn brukt på personar i bygda vår, så slik sett så har vi med ein kulturskatt her på Bruvik å gjere.



# 6. Fortel til andre



## 6.1 "Førpremiere" på skulen vår i september

Vi bestemte oss for å invitere lokal presse og namneforskar Ivar Utne til ein førpremiere på skulen vår der vi presenterte forkinga vår. Dette resulterte i at avisa Bergens Tidende og NRK Radio Norgesglasset/Språkteigen også dukka opp for å lage reportasje om kallenamnprosjektet vårt. I høve denne førpremieren på prosjektet vårt hadde ein av elevane i klassen dikta ein eigen kallenamnsong som vi presenterte for tilhøyrarane (sjå vedlegg 1). Vi kom på riksdekkjande radio og det vart laga stor reportasje i Bergens Tidende. Skulesjefen og ass. rådmann i Osterøy kommune besøkte oss også denne dagen.

## 6.2 Framføring av prosjektet vårt for andre i eige foredragstelt under Forskingdagane 2010 i Bergen i september

Vi framførte prosjektet vårt for andre sjetteklassingar i Bergen kommune, og der vart vi også intervjuet av lokalavisa Bygdanytt (sjå vedlegg 19). Vi fekk også framføre kallenamnsongen vår på den høgtidlege opninga av Forskingdagane 2010 der forskingsminister Tora Aasland var til stades.

## 6.3 Vi laga lokalhistorisk julehefte med alle kallenamna

Vi kom fram til at vi ville lage eit lokalhistorisk julehefte til Bruvik med alle kallenamna som vi har samla inn. Vi ville gje noko tilbake til bygda, og i løpet av desember 2010 selde vi nesten 200 eksemplarar av juleheftet vårt på Bruvik. Hefta fekk vi trykt hjå eit lokal trykkjeri, og vi fekk næringslivet på Bruvik til å sponse oss med trykkinga ved at dei fekk vere annonsørar i heftet. Juleheftet ligg som vedlegg til denne rapporten.

I tillegg til kallenamna samla vi inn gamle bilete som vi pryda heftet med samt at vi laga nokre julereportasjar. Vi vart utseld i løpet av tre dagar, og juleheftet hamna nok under mange juletre i bygda vår.

## 6.4 Framføring av prosjektet vårt på leiarmøte i kommunen

Vi fekk også presentere prosjektet vårt på leiarmøte i Osterøy kommune sitt rådhus i september. På biletet ser du oss synge kallenamnsongen vår i Bergen 24.09.2010



**Glimt frå førpremieren vår på Bruvik skule 17.09.2010:**



**Glimt frå premiefesten med vårt lokalhistoriske "kallenamnhefte" november/desember 2010:**



På biletet ser du redaktørane av juleheftet vårt. Dei har laga illustrasjonen "Snømannen Kallenamn" på neste side. Var den ikkje morosam? Det tykkjer vi...

# SNØMANNEN KALLENAMN

**THOMASSTOKKJEN**

**NIPEN**

**MALLA**

**LABBA I HUSET**

**BAMSEN**

**PILLEMANNEN**

**ELVISEN**

**DOLLAPRINSESSA**

**SAABEN**

**KLONKEN**

**YANKEE**

**HANKATTEN**

**NATTOGET OG SIDEVOGNA**

## 7. Etterord av rettleiar i prosjektet

Dette prosjektet har vore spennande både for elevane og for meg som lærar. Då eg overtok klassen i haust, søkte eg på å få gjennomføre eit forskingsprosjekt i samband med Forskingsdagane 2010 i Bergen. Klassen min og eg fekk vite at vi skal utarbeide eit skuleprosjekt om kallenamn på personar. Resten var opp til elevane og meg. Eg bestemte meg for at dette også skulle vere eit Nysgjerrigperprosjekt der vi skulle følgje Nysgjerrigpermetoden. Resultatet har blitt eit enormt engasjement i bygdemiljøet på Bruvik, og det har vore stor entusiasme blant elevane når dei har arbeidd med dette prosjektet. Vi har hatt godt samarbeid med namneforskar Ivar Utne, og sjølve utforminga av prosjektet og problemstilling har elevane utført på ein god måte. Vi starta med stikkordet kallenamn i klassen i august og enda opp med eit lokalhistorisk julehefte på 32 sider med blant anna 123 kallenamn. Mediainteressa har også vore stor knytt til prosjektet vårt, noko som har vore ekstra gøy for elevane å få vere med på.



Eg har som lærar i skulen også fått nye perspektiv på korleis ein kan dra nærmiljøet til elevane inn i skulen, og slik få til eit spennande samarbeid gjennom eit felles prosjekt som nettopp kallenamnsprosjektet har blitt på Bruvik. Eg vil på vegne av elevane og meg sjølv få takke alle på Bruvik som har bidratt med sine lokalhistoriske kunnskapar og smittande entusiasme knytt til prosjektet vårt. Saman gjer vi kvarandre gode!

Kallenamntradisjonen er på god veg til å forsvinne. Vi har med ein kulturskatt å gjere, og vi har saman med bygdefolket på Bruvik gravd litt opp av den. Det har vore eit nært møte for elevane med heimbygda si.

Bruvik skule, skuleåret 2010/2011

Robert Flatås

---

### Litteratur:

Riddervold, B. (2005). *Kallenamn i Bergen*. Bergen: Bodoni Forlag

Litteratur om kallenamn: <http://folk.uib.no/hnoiu/navn/divnavn/kallenavnritt.htm>



Glimt frå Bruvik ein solskinsdag dag i september.

## Vedlegg 1. Presseklipp som omhandlar prosjektet vårt:

Omtale i **Bergens Tidende** laurdag 18.9.2010, del 1, s. 9:

[http://folk.uib.no/hnoiu/navn/media/BT18sept2010\\_d1s9\\_Kallenavn\\_Bruvik.pdf](http://folk.uib.no/hnoiu/navn/media/BT18sept2010_d1s9_Kallenavn_Bruvik.pdf)

Prosjektet blei omtalt i **Norgesglasset på NRK P1** fredag 17.9.2010 og på nrk.no (nettsider) same dag.

Nrk.no-oppslaget, med lyd, ligg her: <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/hordaland/1.7297715>

Opptak av Norgesglasset, med tilbakemeldingar frå lyttarane, ligg her:

<http://www.nrk.no/nett-tv/indeks/229667/>

Kallenamnprosjektet blei omtalt i **Bygdanytt** 1.10.2010, s. 16-17,

[http://folk.uib.no/hnoiu/navn/media/BYG\\_1okt2010\\_16\\_17.pdf](http://folk.uib.no/hnoiu/navn/media/BYG_1okt2010_16_17.pdf)

---

## Vedlegg 2. Kallenamnsongen vår

*Mel: Dyrene i Afrika*

Det er ei lita skulevise som me sjølv har laga,  
om kallenamn på Bruvik i frå no til gamle daga.

Oya oya hahaha, oya oya hahaha,

om kallenamn på Bruvik i frå no til gamle daga.



På butikken fekk me brød og melk hjå Ole Handelslaget,  
og Pilleman og Hankatten var alltid med på laget.

Oya oya hahaha, oya oya hahaha,

og Pillemann og Hankatten var alltid med på laget.



Og Duppen, ja, han sovna støtt og derfor me han kalla,  
og Ballakløyvaren kløyvde både ved og skulens balla.

Oya oya hahaha, oya oya hahaha,

og Ballakløyvaren kløyde både ved og skulens balla.



Og Bonusen dreiv stor butikk og mange dei blei frista,  
og Tordenskrallet kjefta fælt og lo så taket rista.  
Oya oya hahaha, oya oya hahaha,  
og Tordenskrallet kjefta fælt og lo så taket rista.



Han Karl han plystra dagen lang og derfor Plystrekalle,  
og Uglå ho fekk med seg nok og visste alt om alle.  
Oya oya hahaha, oya oya hahaha,  
og Uglå ho fekk med seg nok og visste alt om alle.



Ho hadde veldig korte bein så ho fekk namnet Flisa,  
og Reinsdyret frå Nord-Norge han kunne berre glisa.  
Oya oya hahaha, oya oya hahaha,  
og Reinsdyret frå Nord-Norge han kunne berre glisa.

Og Harepusen likte godt å hoppa rundt å spretta,  
kva bil han likte, Saaben ,ja ,det kan du sikkert gjetta.  
Oya oya hahaha, oya oya hahaha,  
kva bil han likte Saaben, ja, det kan du sikkert gjetta.



Men endå fins det mange namn, men no må me nok slutta,  
for elles er me redd at heile byen vert betutta.  
Oya oya hahaha, oya oya hahaha,  
for elles er me redd at heile byen vert betutta!

### **Vedlegg 3. Juleheftet vårt "Juleknask" (vedlagt elektronisk i eiga fil)**

